

# Er det auka behov for barnevernleiing?

Endringar i barnevernleiarrolla og det spesielle ved barnevernleiing gjev auka behov for leiarkompetanse i barnevernet

# Å gjere rolla til barnevernet tydeleg

- Barnevernet skal bidra til å sikre at barn og unge som lever under tilhøve som kan skade helsa og utviklinga deira, får nødvendig hjelp og omsorg til rett tid.
- Denne oppgåva vil seie både å ivareta barn sin omsorgssituasjon når foreldra sviktar, og å hjelpe barn og ungdom med alvorlege åtferdsvanskar.

# All leiing i barnevernet må skje innanfor mandatet og med tanke på det beste for barnet

- Mandatet til barnevernet handlar primært om å *ivareta vanskelegstilte barn og unge sine hjelpe- og omsorgsbehov, hindre at dei råkast av uverdige og uhaldbare oppveksttilhøve, og å bidra til at de opplever meistring*
- Når barnet sitt beste brukast berre som ein rettsleg standard kan ambisjonen avgrensast til at barnet skal **beskyttast**.
- Når barnet sitt beste brukast som ein utanomrettsleg standard inngår normalt **all den kjærleik, omsorg og omtanke som eit barn treng** (NOU 2008: 9).

## Det er peika på behov for å styrke leiarkompetansen i barnevernet frå mange hald

- *Det er eit leiaransvar å sikre god internkontroll, som mellom anna vil seie å stille krav til og å følgje opp saksbehandlarane sin praksis. Styrka kompetanse om internkontroll og leiing vil kunne bidra til nødvendige betringar i barneverntenestene sitt arbeid (Riksrevisjonen 2012: 73).*
- At det er nødvendig å styrke leiarkompetansen i barnevernet, blir også peika på av **Fylkesmannen (Prop. 106 L [2012–2013])**, **Helsetilsynet (2012)**, **Barnevernpanelet sin rapport (2011)** og i varsling frå **Norsk barnevernleiarorganisasjon** til Barne- og likestillingsdepartementet (Riksrevisjonen 2012).

# Auka krav til leiarkompetanse i barnevernet

- Aukande arbeidsmengde aukar behovet for kompetanse i leiing
- Fleire komplekse saker må handsamast samtidig, med strenge krav til kvalitet
- Auka arbeidsmengde gjev fleire medarbeidarar å leie
- Stadig fleire barnevernleiarar blir reine leiarar og dette er utfordrande i høve til personalleiing

# Nokre utfordringar for leiarar i barnevernet

- Leiarar i barnevernet er i stor grad barnevernsarbeidarar som blir leiarar for kollegaane sine
- Krevjande å gå frå å vere fagperson til å vere leiar
- Mange har begge rollene og møter utfordringa med å veksle mellom desse
- Barnevernyrket er oftare valt ut frå ønske om å gje utsette barn eit betre liv enn det å vere ein god leiar
- Leiarrolla har eit stort og særleg ansvar med rett til å gripe inn i menneske sin private sfære
- Det spesielle ansvaret gjev juridiske og eksistensielle føringar for avgjerder som leiar må handtere - og leve med

# Det spesielle ved barnevernleiring

## *Hjelper egentleg det vi gjer?*

- **Uvisse.** Sjølv om vi veit meir om kva slags tiltak som gjev god effekt, er uvisse knytt til kva som på sikt hjelper til at barnet får ein betre kvardag og hjelp til å meistre livet best mogleg

## *Det er så mykje som må ordnast med samtidig!*

- **Kompleksitet** fordi arbeidet gjeld barn og familiar med store samansette vanskar, som ofte er i djup krise

## *Det er kjenslemessig vanskeleg å handtere presset*

- **Belasting** ved at det er smertefullt å jobbe tett med barn og familiar som har det vondt, og arbeidet kan føre med seg stort press, trugsmål og vald

# Til refleksjon

- Er barnevernleiing nøkkel til suksess for barnevernet?
- Spelar barnevernleiing noko rolle for korleis barna får det i barnevernet?
- Bør det prioriterast fleire ressursar på leiarstillingar og utvikling av leiarkompetanse?
- Kan barnevernet styrkast tilstrekkeleg utan å bruke meir ressursar på leiing?



# Referansar

Barnevernpanelet sin rapport 2011.

[https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/bld/barnevern/2011/barnevernpanelets\\_rapport.pdf](https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/bld/barnevern/2011/barnevernpanelets_rapport.pdf)

Helsetilsynet (2012): Oppsummering av landsomfattande tilsyn i 2011 med kommunalt barnevern – undersøking og evaluering. Rapport 2.

Prop. 106 L 2012–2013. Endringar i Barnevernlova

NOU 2008:9. Høyring. Med barnet i fokus - ein gjennomgang av barnelova sine reglar om foreldreansvar, bustad og samvær

Riksrevisjonen. Dokument 3:15 (2011–2012) Riksrevisjonen si undersøking om det kommunale barnevernet og bruken av statlege verkemiddel